

”Marie-saka” og medmenneskelege haldningar

For ei tid tilbake var det fleire oppslag i media om Marie som ikkje fekk flytta til bustaden som ho hadde kjøpt i Omvikedalen. Kommuneleiinga meinte at dei hadde rett til å bestemme kor Marie skulle bu, trass i at lovverket i Norge er klinkande klart på at alle skal kunne velje *kor og med kven* dei vil bu.

Miljøpartiet Dei Grøne har ei grunnleggande haldning om at menneske med nedsett funksjonsevne, er menneske med dei same rettane som andre menneske, sjølv om dei har behov for bistand frå kommunen.

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse, også i Kvinnherad. Lokalpartiet har programfesta at vi vil at menneskerettane skal gjelda også i Kvinnherad.

Vi meiner at kvar einskilt menneske må sjåast som eit eige individ, og ikkje som ei einsarta gruppe. Partiet vil jobbe knallhardt for at administrasjonen og alle leiarnivå i kommunen skal ha denne haldninga. I partiprogrammet vårt står det: *”Kommunalt tilsette på alle nivå må opptre ut frå ei erkjenning om at dei er der for innbyggjarane sin del”*. Vi føreset altså at eigne interesser, og haldningar som går på tvers av menneskeverdet vert lagt til sides. Dette er haldningar som finst i land vi helst ikkje vil samanlikna oss med.

Marie-saka har vist innbyggjarane i Kvinnherad, og i landet elles, at det i kommuneleiinga vert vist haldningar og utført ressurskrevjande arbeid som ikkje er til innbyggjarane sitt beste. Kommunen har i lang tid motarbeida både denne familien, og andre familiar, si klare haldning om at personar med nedsett funksjonsevne er einskildindivid, og at dei difor skal behandlast som einskildindivid.

Fylkesmannen har heldigvis korrigert kommuneleiinga sine haldningar og avgjerder. Først i forhold til deira utrulege forsøk på å fjerne verja til Marie. Seinare er retten til å bu kor, og med kven ein vil, også stadfesta. Rådmannen har heldigvis teke dette til følgje, og også poengtert at ein seinare ikkje vil hindra andre i å busetja seg der dei ynskjer.

Eg etterlyser likevel ein del innrømmingar. Eg ynskjer å få klargjort kvifor kommuneleiinga har handtert denne saka slik dei gjort. I følgje rådmannen si orientering til kommunestyret kan det sjå ut som om at det er KS som har rådført kommunen til å handtere saka slik dei har gjort.

Er det då slik at KS overstyrte kommunen fram til fylkesmannen avgjorde saka? Eller er situasjonen slik at kommuneleiinga har kontakta KS og bede om råd til korleis ein skal kunne finne argument for å unngå å fylgje menneskerettane og norsk lov? Er det KS som dagen etter at familien Dale anka kommunen sit ulovlege vedtak om å nekte Marie å flytte, plutselig fann ut at mor ikkje kunne vere verje? Eller var det nokon i kommuneleiinga som ville ”straffe” familien?

Det er og grunn til å stille spørsmål ved kommuneleiinga sin vilje til bruk av ressursar/pengar i sakshandsaminga av denne saka. Kommuneleiinga har hatt mange

møte og skrive mange saksutgreiingar. Det er gjort svært mykje arbeid som ikkje gagnar ein einaste innbyggjar i kommunen.

Eg vil påstå at dette er sløsing med fellesskapet sine ressursar. I tillegg til kommunen sine kostnader, har fylkesmannen brukt mykje ressursar for å korrigera kommuneleiinga si handtering av saka. Kor mykje arbeid KS har utført kjenner eg ikkje til. Eg veit heller ikkje om kommunen brukar pengar på KS.

La oss få eit meir medmenneskeleg samfunn. La oss få vere med å bestemme korleis kommunen skal styrast.

Jostein Saghaug
3. kandidat
Miljøpartiet Dei Grøne